



Månadsbrev mai 2017

Vel overstått påske og 1. mai-helg! **5.-7. klasse** på Sinnes og Tonstad avlyste **skiaktivitetsdagen** 5. april pga. uvér, og utset han til snøen har forsvunne. Lærarane hadde ein variert og intens **planleggingsdag** om inkludering, tidleg innsats og tilpassa opplæring, og så var det fullt kjøp på skulen att... Det byrja godt med eit svært interessant føredrag med Statens naturoppsyn for ungdomsskuleelevane og ein kjempeflott **konsert og spanande forteljingar med Agderfolk**. Det møtte opp mange foreldre på **temakvelden** på Tonstad 20., som de kanskje allereie har lese om i lokalavisa, og **føredraget** på Tjørhom 25., og det er bra. 24. april markerte me Verdás bokdag heile dagen med besøk av Bjørn Arild Erland, eit fiskehovud og mange triste og innimellom valdelege tekstar av elevane, men dei var skrivne med humor. Forfattaren var imponert over kor godt elevane skreiv og halde den raude tråden gjennom tekstane om katten Pi, anten det var novelle, eventyr, skodespel eller høyrespel!

I første omgang var det berre 1/3 som svara på **den lokale trivselsundersøkinga på nett** saman med barnet/barna sine, så fristen vart utvida til 2. mai. Lengre frist er mogleg sidan me likevel held oss innafor fristen for vidare rapportering.

Me veit at mai er travel, og det visast tydeleg her: **Onsdagsskule 3. mai, årsprøvar for 10. klasse** (norsk hovud- og sidemål 3. og 4., matematikk 5. og engelsk 9. mai), **MOT-samling for 9. klasse** på Sinnes og Tonstad på Sinnes 5. mai, **innskriving** for dei to nye førsteklasingane 10. mai, **energidag** på Tonstad for ungdomsskulen 11. mai, informasjon om **skriftleg avgangsprøve** for 10. klasse og **fådeltskulenettverk** på Sinnes skule 12. mai, **skriftleg eksamen 10. klasse** (matematikk 16., førebuing til og engelsk 18.-19. og førebuing til og norsk hovud- og sidemål 22.-24. mai), **9. klasse** inviterer foreldra til **festmiddag** 22. mai, **SU/SMU-møte** 23., og så er det **onsdagsskule 24.** før det er ny langhelg! Måndag 29. mai reiser 4. klasse grytidleg til Nordberg fort på Lista for å vera **arkeologar for ein dag** og **7.-9. klasse** har **foreldremøte**, medan **AMU** (arbeidsmiljøutvalet i Sirdal kommune) kjem på besøk m.a. for å sjå på fysiske tilhøve på skulen 30. og **3. klasse** har **sommaravslutning** på Klattane 31. mai. Puuh! Og så var det plutselig berre tre veker til sommarferie...!

10. klasse-foreldra må hugsa avslutningsfesten tysdag 20. juni!

Påmeldingsskjema til **SFO 2017-2018** er sendt ut som ranselpost, men vil du heller lasta det ned, finn du det på heimesida under SFO med **frist 8. mai!**

Med ynskje om ei fin Kristi Himmelfarts-helg!

Sinnes 26.05.17, Åse-Berit

